



## **Forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg, Vaksdal kommune.**

Heimel: Fastsett av Vaksdal Kommunestyre (Dato) med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 annet ledd, § 6 tredje ledd, § 11, § 13 fjerde ledd og § 32, forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 6 og § 17, og forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bustader § 9.

### **§ 1. Formål**

Formålet med forskrifta er å sikra at dei kommunale kostnadene knytt til feiing og tilsyn med fyringsanlegg blir dekte i tråd med brann- og eksplosjonsvernlovas § 28, andre ledd.

Forskrifta utdjuar eigars plikter og ansvaret til kommunen for feiing, kontroll med feiebehov og tilsyn etter brann- og eksplosjonsvernlova og forskrift om brannførebygging.

Forskrifta skal styrkja gjennomføringa av det brannførebyggjande arbeidet i bustader, fritidsbustader og andre byggverk i samsvar med kartlagd risiko.

Forskrifta skal også bidra til at forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming jf. forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar blir følgt.

### **§ 2. Virkeområde**

Forskrifta gjeld lovbestemt gebyr for feiing, kontroll av feiebehov og tilsyn med fyringsanlegg for oppvarming av byggverk.

Forskrifta omfattar tilsyn med eigars og brukars plikter i bustader, fritidsbustader og andre byggverk i samsvar med brann og eksplosjonsvernlova og forskrift om brannførebygging.

Forskrifta omfattar også tilsyn med forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming.

Forskrifta gjeld i Vaksdal kommune.

### **§ 3. Definisjonar**

I forskrifta skal følgjande omgrep forståast slik:

- a. Eigar: den som har grunnboksheimel til eit byggverk med fyringsanlegg for oppvarming.
- b. Brukar: eigaren sjølv eller den som har avtale med eigaren om bruk av byggverket.
- c. Byggverk: bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- d. Feiing: reingjering av røykkanalar og uttak av sot.
- e. Brukseining: matrikkelregistrerte einingar i byggverk, under dette leilegheiter, næringslokale og liknande.
- f. Fyringsanlegg: eldstad, sentralvarmekjele eller varmluftsaggregat der varme blir produsert for oppvarming av byggverk, ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og matesystem for brensel.

- g. Røykkanal: kanal for transport av røykgassar frå røykuttaket til fyringsanlegget til fri luft, under dette plasserer, røykrøyr og skorstein.
- h. Røykløp: den vertikale delen av røykkanalen. Direct vende løysingar inngår òg.
- i. Aktivt røykløp: eitt eller fleire eldstader knytt til røykløpet.
- j. Skorstein (pipe): ein skorstein kan bestå av fleire røykløp.
- k. Tilsyn: Inneber kontroll av feiebehov og kontroll av at pliktene gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova blir overhalden, og eventuell reaksjon. Tilsynet vil også omfatta tilsyn med at «Forbod mot fyring med mineralolje til oppvarming av bygningar» blir overhalde.
- l. Kartlagd risiko: kartlegging av sannsyn for brann og kva konsekvensar brann kan få for liv, helse, miljø og materielle verdiar.
- m. Brannførebyggjar: ny nemning for feiar.

#### **§ 4. Plikt til å betala gebyr**

Det blir kravd inn gebyr som dekkjer kontroll med feiebehovet, tilsyn med fyringsanlegg og gjennomføring av feiing. Gebyret vert avgrensa til sjølvkost og skal dekkja kommunen sine kostnader jf kommunelova §15-1. Gebyret vert fastsett av kommunestyret og vert kravd inn årleg etter gjeldande gebyrregulativ.

Gebyret vert kravd inn uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.

Gebyr vert kravde inn sjølv om brannførebyggjar ikkje har fått tilfredsstillande tilkomst, og av den grunn ikkje har utført tilsyn og feiing.

Gebyret vert i hovudsak fakturert eigar av brukseininga. Er det fleire eldstadar knytt til same røykløp vert fakturering fordelt likt mellom eigarane av eldstadane.

#### **§ 5. Gjennomføring av tilsyn**

Tilsyn omfattar kontroll av at fyringsanlegget er intakt, verkar som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade, og dessutan at føresegner gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova blir følgd.

Tilsyn omfattar også tilsyn med forbod mot fyring med mineralolje til oppvarming.

Kontroll med feiebehovet blir samtidig gjennomført med tilsynet. Brannførebyggjaren vurderer om det er behov for å feia. Brannførebyggjaren vurderer også om risikoen tilseier hyppigare eller sjeldnare kontroll med feiebehovet.

Tilsyn blir gjennomført risikobasert (ut frå kartlagd risiko), og hyppigheit blir fastsett i tråd med risikovurdering.

Dersom det ved tilsynet blir avdekt andre feil og manglar som er viktige for brann- og persontryggleiken kan dette noterast i tilsynsrapporten, under dette manglar ved sløkkjeutstyr og brannvarsling, og framkomme i rømmingsvegar. Avdekka ulovleg tiltak (ulovleg bueining) blir rapportert til plan- og bygningsstyresmakta.

## **§ 6. Gjennomføring av feiing**

Feiing blir utført utifrå kartlagt feiebehov ved tilsyn med fyringsanlegg og kontroll av feiebehov i samsvar med forskriftas § 5.

Feiing av røykløp, kanalar, eldstader og fyringsanlegg kan også bestillast, og fakturerast etter sjølvkostprinsippet.

## **§ 7. Fritak for gebyr**

Det kan bli gitt fritak etter skriftleg søknad i følgjande tilfelle:

- a. Det er ikkje montert eldstad på røykløpet, eller alle eldstader er fråkopla fysiske frå røykløpet. Det skal gis melding om fjerning av eldstad, og kontrollokumentasjon kan krevjast.

Gebyrplikt fell bort frå første betalingstermin etter at kommunen har godkjent søknaden.

Eigar skal varsle kommunen straks dersom fyringsanlegget vert teke i bruk igjen.

## **§ 8. Tilfredsstillande tilkomst**

Eigar må sørgja for tilfredsstillande og sikker tilkomst slik at tilsyn og feiing av fyringsanlegget kan gjennomførast utan at det er fare for skade på liv og helse. Dette omfattar regelmessig vedlikehald av taktrinn, stige, bru, feieplattform, m.m.

På skråtak som har ei helling og høgd som gir fare for høge fall, må det sørgjast for sikring opp til og på taket. Føresegner i eller i medhald av arbeidsmiljølova, og dessutan bransjestandard for feiing på tak vil vera rettleiande for tryggningsnivået og tilfredsstillande tilkomst.

## **§ 9. Etablering av fyringsanlegg/ montering av ny eldstad**

Eigar av eit byggverk skal melda frå til Vaksdal kommune når det er installert ny eldstad, jf. forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging.

Dersom eigar av byggverk lèt vere å melda installasjon av fyringsanlegg, kan kommunen krevja gebyr etterbetalt frå det tidspunktet installasjonen av fyringsanlegget vart utført.

## **§ 10. Klage**

Klage på vedtak gjort i samsvar med denne forskrifta kan sendast skriftleg til Vaksdal kommune. Klagebehandling knytt til gebyr vert gjennomført av kommunen. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.

Sakshandsaminga ved klager følgjer avgjerda gitt i eller i samsvar med lov 14. juni 2002 nr. 20, brann- og eksplosjonsvernlova og lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).

## **§ 11. Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering og erstattar tidlegare gebyrordningar.